

# Yrkesmesse/Karrieredag 11. november

Yrkesmesse/Karrieredag 11. november

Onsdag 11. november var elevane på Vg1 og Vg3 på yrkesmesse/karrieredag på Høgskulen i Volda og i Herøyhallen i Fosnavåg. I tillegg var elevane våre på Vg1 og Vg2 Service og samferdsel guidar for elevgruppene rundt til dei forskjellige aktivitetane ved Høgskulen.

Om lag 340 elevar var først på Høgskulen for å orientere seg om studietilboda der, i tillegg til at Høgskulen i Ålesund og dei vidaregåande skulane hadde stands der.

Opplegget på Høgskulen varte frå 09:00 til 12:00, og så fekk elevane lunsjpakkar og vart frakta i buss til Herøyhallen. Der var det så yrkesmesse frå 13:00 til 16:00. Bussane var attende på skulen først ca. kl. 17:00, m.a.o. ein svært lang dag, for lang etter mange si mening.

Likevel var det tydeleg at det var mange aktivitetar og orienteringar på begge stadane som var både engasjerande og interessante.

**Under har vi lagt ut ein presentasjon med store bilete frå dagen.**

Foto Høgskulen: Inge Kvamme

Foto Herøyhallen: Lars Ørstavik

[Yrkesmessa 2009](#)



2009.11.12 16:30